



Synnøve Bringedal og Kari Bjørnebøle Hass lyttar til sjuandeklassingane på skulen i Uskedalen. (Foto: Marit Rogde)

**Denne veka har åtte ungdomar med MOT vore ute i praksis på barneskulane og uskedelingen Synnøve Bringedal var ein av dei. Tanken bak prosjektet er at ungdommane, som alle går i niande klasse, skal førebu sjuandeklassingane på overgangen til ungdomskulen.**

Det skal gjennomførast tre skulebesøk i kvar klasse dette skuleåret og i tillegg eitt besøk når dei har starta på ungdomsskulen.

Ungdommane styrer heile opplegget sjølve utan lærar. I løpet av dei tre timane skal dei bli litt kjende med elevane og få veta om deira interesser og draumar. Kva gler dei seg til og kva gruar deg seg til?

Saman med Kari Bjørnebøle Hass har Synnøve Bringedal vore hos sjuandeklassingane i Omvikdalen og Uskedalen.

Eit tema var det å vera ein god ven. Kvar elev måtte svara på om dei er ein god ven og kva som gjer ein til ein god ven. Mobbing var eit tema som også vart teke opp og budskapet var denne: - Vis nokon blir mobba – gje beskjed! Det er betre å gje beskjed til læraren enn å bli mobba.

Kari og Synnøve let vel etter møta med sjuandeklassingane og tykte dei var flinke til å lytta og følgja ei ønskeliste. Litt flaut var det i byrjinga, men det gjekk utruleg bra etter ei stund, Elevane var kjempeflinke til å gjera slik som dei to sa dei skulle og dei kom med mange gode svar.

Marit Rogde i MOT Kvinnherad seier til innsida.no at ungdommane hadde full styring på klassene og at ho er stolt av dei.